

Frammøte på over 70 prosent!**11.09.2011**

**Målet ved valet i Uskedalen må vera eit frammøte på over 70 %
Dette er ei oppmoding om å auka valdeltakinga i Uskedalen.
Det handlar om:**

- Kommunevalet med frammøte i Uskedalen på under 60 % (2007)
- Fylkestingsvalet
- Kyrkjevalet med frammøte på 15 % (2009)

La ikkje heimesitarane og dei med lita tru på politikken utgjera det største partiet.

Vi treng eit godt frammøte for å sikra god representasjon frå Uskedalen i kommunestyre, nemnder og utval.

Den siste valperioden har vore god for Uskedalen med reguleringsplanar, bustadbygging, utvikling og vekst.

Vi treng folkevalde som ser til at tiltak i økonomiplanen vert vidareført med bindande vedtak i budsjettet for 2012 og 2013. Det gjeld mellom anna opprustning av Uskedal skule, sentrumsutvikling, Børneset industriområde og oppstart av stadianlysen.

I inneverande år skal det endeleg koma vegljos til Beinavikjo og arbeidet med utviding av Kvinnherad vekstbedrift (AFA) er starta.

Mange viktige oppgåver ventar på ei løysing. Dette gjeld mellom anna trafikksikring med gang- og sykkelveg til Steinsletto, minikraftverk - oppstart av 3 prosjekt, utbygging av Eikelandet , opprydding i strandsona og Uskedalen som ei sterkt turistbygd.

Møt fram på valdagen og gjer ditt til at Uskedalen slepp eit frammøte på jumboplass.

Godt val !

Av Kristian Olav Bringedal